

**MØTEPROTOKOLL**

**Utval:**                  **Kontrollutvalet i Hareid kommune**  
**Møtestad:**          **Rådhuset, kommunestyresalen.**  
**Dato:**                  **25.11.2020**  
**Møte tok til**         **Kl. 08:30**  
**Møte slutta**         **Kl. 12.00. På rådhuset slutt kl 11.15, deretter synfaring på Helsesenteret**

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

**Faste medlemar som møtte:**

Namn	Funksjon
Audun Ulstein	Leiar
Inga Ishild Hareide	Medlem
Greta Kirkebø	Medlem

**Faste medlemar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon
Øyvind Grimstad	Nestleiar
Kjersti Røyset Topphol	Medlem

**Varamedlemar som møtte:**

Namn	Møtte for
Gunnar Riise	Øyvind Grimstad

**Vest kontroll - sekretariat:**

Namn	Funksjon
Jostein Støylen	Dagleg leiar

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:**

Namn	Funksjon
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

**Frå administrasjonen og politisk hald møtte:**

Namn	Stilling
Frode Gaulen Robertsen	Hovudverneombod
Eivind Longva	Kommunalsjef for læring og kultur
Pergunn Gjerdsbakk	Eigedomsleiar
Paul Arne Ulstein	Prosjektleiar



**SAKLISTE**

- SAK 47/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT  
MØTEPROTOKOLL
- SAK 48/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 49/20 MELDINGAR
- SAK 50/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 51/20 ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET
- SAK 52/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – LÆRING OG KULTUR
- SAK 53/20 ORIENTERING OG SYN FARING - BYGGING OG FRAMDRIFT AV NYTT  
HELSEHUS
- SAK 54/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 55/20 ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. NOVEMBER 2020
- SAK 56/20 RAPPORTERING 2. TERTIAL -2020



<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>47/20</b>	033	05.11.2020	25.11.2020	KS

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL****Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Legeavtalen vert på første
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Greta Kirkebø.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>48/20</b>	049	06.11.2020	25.11.2020	KS

**GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE****Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 14.10.2020.

**Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 14.10.2020.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>49/20</b>	033&17	06.11.2020	25.11.2020	KS

**MELDINGAR****Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**Vedlegg**

1. Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2019.
2. Årsmelding 2019 Søre Sunnmøre Barnevernssamarbeid.
3. E-post, av 29.10.2020. Informasjon frå Volda kommune om korleis dei jobbar med tilsynsrapporten.
4. E-post, av 30.10.2020. Gjeld årsmelding frå NAV for 2019.
5. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	033&58	17.11.2020	25.11.2020	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad på gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside -

<https://innsyn.hareid.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

### Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Eldrerådet:	10.06	<b>16.09</b>			
Formannskapet:	24.09	<b>15.10</b>	<b>26.10</b>	<b>29.10</b>	<b>11.11</b>
Kommunestyret:	24.09	<b>22.10</b>			
Kontrollutvalet:					
Levekårs utvalet:	30.09	<b>26.10</b>	<b>04.11</b>		
Nærings- og miljøutvalet:	29.09	<b>26.10</b>	<b>03.11</b>		
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	10.06				
Valstyret:		<b>11.11</b>			
Valutval:	27.04				

SSR Representantskap

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

SSR Styret

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
51/20	030&18	06.11.2020	25.11.2020	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET

### Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå hovudverneombodet til vitende.

### I møtet

Hovudverneombod Frode Robertsen orienterte og svara på spørsmål.

Kort oppsummert:

- 20 verneområde/verneombod i dag. Dette kan endre seg
- Oppgåve å støtte verneomboda
- Sentral i HMS arbeidet
- Representere verneomboda utad
- Fast representant i AMU
- Følger opp hendingar
- Er frikjøpt med 5,3% som er alt for lite for god nok oppfølging
- Men det er f.t. ingen saker som ligg ubehandla
- Er med i hovudvernesamarbeid i sju stjerna



- Er ikkje invitert til å delta i tilhøve slik reglande tilseier at verneombodet skal vere deltakar i
- Helse er flinke til å melde frå om avvik
- Har godt samarbeid med personalleiar
- Innan 30.11. skal alle verneomboda vere velgte
- Alle verneombod har eller skal delta på 40 t. kurset
- Har ikkje fått til å ha møte med alle verneomboda. Ingen av verneomboda har teke kontakt.

### Vedlegg

Ingen.

### Saksopplysning

Hovudverneombod i Hareid kommune v/ Frode Gaulen Robertsen er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til hovudverneombodet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
52/20	030&18	06.11.2020	25.11.2020	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – LÆRING OG KULTUR

### Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for læring og kultur til vitende.

### I møtet

Kommunalsjef for læring og kultur Eivind Longva orienterte og svarta på spørsmål.

#### Barnehage

- Økonomisk ok. Dei kommunale driv godt.
- Syvertplassen 64 born
- Hareid 22 born
- Bigset 64 born
- Gnist 138 born
- Stabilitet tilsette, særleg på leiarnivå

#### Bibliotek

- Driv godt, er innanfor rammene
- Jobbar mykje med planlegginga i nytt bygg
- Når ubetjent opningstid – då vert det tilgangskontroll

#### Kulturskulen

- Driv godt

#### Ressursenteret

- Driv godt
- Vakante stillingar for at drifta skal betre i balanse i 2020
- Godt samarbeid med andre kommunar fordi ein driv godt. Bl.a. Giske.
- Har stordriftsmuligheiter



- Jobbar godt med alternative kiler for inntekt, men korona har sett avgrensingar
- Flyktingar kjem på hausten, budsjettert for hele året og her sparer ein noko midlar

#### Skulen

- Økonomi. Budsjettert på einingsnivå. Omfattande å gjere budsjettendringar gjennom året. Innanfor ramma på nokre einingar og over på andre, men samla ok
- Generelt: 626 elevar i 2020 Har auka siste åra
- 2020 69 lærarar. Auka elevtal og redusert talet på lærarar siste åra
- Brukt per elev – kostnad per elev ligg Hareid lavt
- Tidleg innsats. Strategi for å fange opp «sårbare» eller dei som treng oppfølging:
- Hareid ligg ikkje høgt i høve til spes.ped.
- Tidleg innsats begynner alt i barnehagen
- Hareid satsar god
- Definerer rollene i barnehage og skule med klare planar
- Strategi for korleis ein møte utfordringane i barnehage og skule
- Hareid er med som ei av 13 kommunane som er plukka ut av Fylkesmannen til å vere med i pilotprosjekt på landsnivå. Dette fordi kommunen ligg langt framme. Jf. Stortingsmeldinga. Høgskulen i Volda og involvert. Dette er i samsvar med slik PPT no planlegg og jobbar. Får også ein del midlar til prosjektet. Jobbar førebyggjande.
- Har tidlegare problem med å auke det faglege nivået i skulen, her går det no rette vegen.

#### Ungdomsklubben

- Er ikkje i drifta no under kononaepidemien, men det er budsjettet lagt opp til ein klubbkveld i månaden

#### Vedlegg

Ingen.

#### Saksopplysning

Kommunedirektør v/ Kommunalsjef for læring og kultur Eivind Longva er kalla inn for å gi ei orientering om sektor for læring og kultur, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for læring og kultur.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
53/20	030&18	17.11.2020	25.11.2020	KS

#### ORIENTERING OG SYNFARING - BYGGING OG FRAMDRIFT AV NYTT HELSEHUS

##### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå eigedomsleiar og prosjektleiar vitende.

##### I møtet

Eigedomsleiar Pergunn Gjerdsbakk og prosjektleiar Paul Arne Ulstein orienterte bl.a ved PowerPoint. Denne vil følgje saka vidare og vil bli lagt på saka på heimesida.



Etter orienteringa og etter dei andre sakene i utvalet var unnagjort vart det synfaring på bygget ved Paul Arne Ulstein. Med på synfaringa elles var kontrollutvalet og dagleg leiar i Vest kontroll.

**Saksopplysningar**

Frå kommunal eigedom FDV møter eigedomsleiar Pergunn Gjerdsbakk og prosjektleiar Paul Arne Ulstein for å orientere om bygging og framdrift av nytt helsehus. Dei tek også kontrollutvalet med på synfaring.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til eigedomsleiar Pergunn Gjerdsbakk og prosjektleiar Paul Arne Ulstein.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	217	17.11.2020	25.11.2020	JS

**PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024****Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak for eigarskapsstyring innan 30.06.2021, basert på «Anbefalingar om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» frå KS.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

**Vedlegg**

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kapittel 8 frå Overordna analyse utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
3. KS Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll (Ikkje oppdatert i høve ny kommunelov. Ein ventar på ajourført utgåve frå KS)

**Saksopplysningar**

Viser til forslag til plan som ligg ved.



Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
55/20	216	17.11.2020	25.11.2020	KS

## ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. NOVEMBER 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orientering om løpande revisjon pr. november 2020 til vitende.

### Saksopplysningar

Dagleg leiar/rev. Sjef Bodill Skeide frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon orienterer om løpande revisjon pr. november 2020 i møtet 25.11.2020.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
56/20	212	17.11.2020	25.11.2020	JSa

## RAPPORTERING 2. TERTIAL -2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 82/20 - rapportering 2. tertial 2020 til vitende.

### Vedlegg

1. Saksframlegg til kommunestyret 82/20 - rapportering 2. tertial 2020
2. Tertialrapport 1. tertial 2020
3. Finansrapport for Hareid kommune frå Bergen Capital Management 2. tertial 2020
4. Kommunal teknikk – investeringsprosjekt 2. tertial
5. Investeringar 2. tertial 2020 – Kommunal eigedom
6. Vedtaksrapport - Kommunal Eigedom
7. Vedtaksoppfølging oktober 2. tertial
8. Vedtaksoppfølging EINPLA 2. tertial
9. Vedtaksrapport plan byggesak og geodata

### Saksopplysning

1. Administrasjonen presenterer eit **vesentleg meirforbruk**, jfr. side 7 i vedlegg 2.
2. Vesentlege ekstrakostnadar pga. covid-19, samt høgre forbruk generelt enn i fjor.
3. Kornasituasjonen har prega arbeidet i kommunen i stor grad.  
Den sentrale kommuneleiinga har fått gode tilbakemeldingar på handteringa av situasjonen.
4. Kommunen har nye ressurskrevjande brukarar som ein ikkje har kostnadsdekning for i dag. Kommunen må endre drift og standard på tenester.
5. Drastiske grep i form av omorganiseringar og omstillingar må til for å få ned driftskostnadane. Kommunen står overfor vanskelege vegval og prioriteringar. God økonomistyring er avgjerande.
6. Kommunen må allokere fleire ressursar til overordna planlegging og strategi.
7. Det er ei forventning om å få gjennomført fleire tiltak innanfor tildelte budsjetttrammer. Press pga. stadig nye statlege pålegg. Tilsette står i ei stort press mellom brukarar sine behov og budsjetttrammene. Dette gjeld både lokalt og nasjonalt. Rådmannen peikar på at velferdsstaten slik vi kjenner den i dag er ikkje berekraftig.
8. Barnehagesektoren har stort overforbruk.
9. Rekneskap pr. 31.08.20, opphavelog og justert budsjett finn ein på side 7 i vedlegg 2.
10. Rekneskap pr avd. finst på side 8 i vedlegg 2.





11. Investeringar side 9-11.
12. Innan barnevern er det registrert auke i talet på tiltak.
13. Oversikt over meirutgifter pga covid-19, side 13 i vedlegg 2.
14. Særskilde utfordringar finn ein på side 13.
15. Finansområdet er ca. på budsjett pr. 31.08.20.
16. Nye låneopptak i 2020 på kr 110 mill. til kr 619 mill., vedlegg 3. Rentebinding over 1år, fastrente for 75 mill.
17. Styringsrenta er uendra på 0. Det gjev forventning om lav rente også dei 2 neste åra.
18. Administrasjonen forventar eit overforbruk i kommunen pr. 31.12.2020 på ca. kr. 10 mill.
19. Overgang til kvartalsrapportering frå 01.01.2021.
20. Sjukefråvær:  
Sjukefråvær: 6,22%. Viser nedgang sidan 1. tertial etter stigning då pga. koranspandemien. Sjå side 16 i vedlegg 2.
21. Omtale av sektorane frå side 18 i vedlegg 2. Sjå dessutan kommunalsjefar sine kommentarar side 11-14 i vedlegg 2.
22. Dei største investeringane refererer seg til:
  - helsehus                      kr 76 mill og
  - fotballhall                    kr 19,8 mill,  
sjå side 9, 10 og 11 i vedlegg 2.

**Møtet slutt.**

Audun Ulstein  
Leiar

Greta Kirkebø  
Medlem

Møteprotokoll går til:

**Kommunestyret som melding**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordfører og rådmann til orientering

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering